



**Til: Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane  
fylkeskommunen**

**Selskapskontroll 2017 -  
«Eigarskapskontroll av den overordna  
eigarstyringa»**

**Prosjektplan**

August 2017

# Innhold

|          |  |             |
|----------|--|-------------|
| <b>1</b> | <b>Formål og problemstillingar.....</b>  | <b>s. 2</b> |
| 1.1      | Bakgrunn.....                            | s. 2        |
| 1.2      | Formål.....                              | s. 2        |
| 1.3      | Problemstillingar .....                  | s. 2        |
| 1.4      | Presisering.....                         | s. 3        |
| <b>2</b> | <b>Revisjonskriterium og metode.....</b> | <b>s. 3</b> |
| 2.1      | Revisjonskriterium.....                  | s. 3        |
| 2.2      | Metode.....                              | s. 5        |
| 2.2.1    | Dokumentinnsamling.....                  | s. 5        |
| 2.2.2    | Spørjeundersøking.....                   | s. 5        |
| 2.2.3    | Verifisering.....                        | s. 5        |
| 2.2.4    | Analyse.....                             | s. 5        |
| 2.2.5    | Rapportering.....                        | s. 6        |
| <b>3</b> | <b>Tid og ressursbruk.....</b>           | <b>s. 6</b> |
| 3.1      | Nøkkelpersonell.....                     | s. 6        |
| 3.2      | Ressursar.....                           | s. 6        |

# 1. Formål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

SF revisjon har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i SAK 25/2017 utarbeida prosjektplan for gjennomføring av selskapskontroll.

## 1.2 Formål

Formålet med prosjektet kjem fram av bestillinga; sitat:

*«Formålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere om fylkeskommunen utøver sin eigarskap i samsvar med aktuelle lover og føresegner, fylkestinget sine vedtak og forutsetninger og i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Det vert bedt om ei vurdering av om lover, regler og vedtak vert etterlevd i forvaltninga av fylkeskommunen sine interesser i selskapa, og om det vert gitt korrekt og tilstrekkeleg informasjon til politisk leiing»*

## 1.3 Problemstillingar

Kontrollutvalet har i bestillingsdokumentet lagt fram følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til eigarskapen?
  - o Har fylkeskommunen etablert tydelege føringer for eigarskapen?
  - o I kva grad er styringssignalene klart formulert?
  - o I kva grad vert eigarstrategien følgt opp i forhold til fylkeskommunen sine interne regelverk?
  - o I kva grad har fylkeskommunen ein plan for utarbeiding og revidering av styringsdokument for det enkelte selskap?
2. I kva grad har fylkeskommunen etablert ein overordna eigarstyring som er i samsvar med lover, reglar og fylkestinget sine forventningar?
  - o Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser på ein lovmessig måte?
    - Har fylkeskommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser, og er desse rutinane i samsvar med aksjeloven og andre relevante lover?
    - I kva grad vert etablerte rutinar etterlevd?
  - o Har fylkeskommunen ein plan for kompetanseoppbygging for folkevalde/tilsette som skal ivareta eigaroppfølging?
3. Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?
  - o I kva grad vert politisk leiing korrekt og tilstrekkeleg informert om fylkeskommunen sin eigarskap?

## 1.4 Presisering

Vi vil ta utgangspunkt i 4 selskap som fylkeskommunen er eigar eller medeigar i, og ha dei som utgangspunkt for å gjere ei nærmare vurdering av korleis fylkeskommunen utøver sitt eigarskap i forhold til dei 4 selskapa. (utgjer 33 % av tal selskap som fylkeskommunen eig eller er medeigar i og eigardelen utgjer 30 % eller meir) Spørjeundersøking/intervju vil i tillegg til administrasjonen i fylkeskommunen bli retta mot personane som fylkeskommunen har vald til å representere fylkeskommunen som eigar av selskapa. Undersøkinga vil gjelde rekneskapsåret 2016.

# 2. Revisjonskriterium og metode

## 2.1 Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som det kontrollerte objektet (Sogn og Fjordane fylkeskommune – Eigarskapskontroll av den Overordna eigarstyringa) skal vurderast opp mot. Med vising til bestillinga er vi innom forskjellig type problemstillingar. Revisjonskriteria er i liten grad lovregulert som t.d. av aksjeloven. Vi vil ta utgangspunkt i Kommunenes Sentralforbund (KS) sine «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» samt dei retningslinjer/føringar knytt til eigarstyring som er vedteke av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I dette prosjektet er revisjonskriteria i all hovudsak henta frå KS sine «Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll» (KS anb.) og Sogn og Fjordane fylkeskommune si årlege Eigarmelding.

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

*Problemstilling 1: I kva grad har fylkeskommunen ein konkret eigarstrategi med klare forventningar til eigarskapen?*

- Har fylkeskommunen etablert tydelege føringar for eigarskapen?
- I kva grad er styringssignalene klart formulert?
- I kva grad vert eigarstrategien følgt opp i forhold til fylkeskommunen sine interne regelverk?
- I kva grad har fylkeskommunen ein plan for utarbeiding og revidering av styringsdokument for det enkelte selskap?

Med vising til KS anb. 4 om «Utarbeidelse av eierskapsmelding» vil vi sjå nærmare på fylkeskommunen si årlege Eigarmelding. Eigarmeldinga bør sikre eit godt grunnlag for å få fram dei nødvendige styringssignalene som skal ut til selskapa og tydeleggjere dei folkevalde sitt ansvar.

KS anb. 5 om «Utarbeidning og revidering av sentrale styringsdokument i selskapa»; fylkeskommunen bør ha ei open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i dei ulike selskapa. Vedtekten i selskapa regulerer viktige sider ved dei offentleg eide selskapas rettsforhold. Hovudintensjonen er å regulere forholdet mellom eigarane og mellom eigarane og selskapa eller interne forhold i selskapa. For å underbygge vedtekten kan det vere hensiktsmessig å utarbeide andre styringsdokument. Sjølv om dei ikkje er lovfesta, er det meint

at dei skal sikre ei bevisst eigarstyring. Vi vil gjere ei nærmere vurdering av om fylkeskommunen har ein plan for utarbeiding og revidering av styringsdokumenta for det einskilde selskap og eventuelt korleis planane blir følgt opp.

Kap. 3 i fylkeskommunen si årlege Eigarmelding omhandlar fylkeskommunen sine rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Spørsmål vi vil ta opp med fylkeskommunen vil vere:

- ✓ Har fylkeskommunen eigne spesifiserte interne retningslinjer for korleis eigarstrategien skal følgjes opp ut over det som kjem fram av Eigarmeldinga?
- ✓ Og blir dei eventuelt følgt opp i samsvar med dei interne retningslinjene?

*Problemstilling 2: I kva grad har fylkeskommunen etablert ein overordna eigarstyring som er i samsvar med lover, reglar og fylkestinget sine forventningar?*

- Fører fylkeskommunen kontroll med sine eigarinteresser på ein lovmessig måte?
  - Har fylkeskommunen etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser, og er desse rutinane i samsvar med aksjeloven og andre relevante lover?
  - I kva grad vert etablerte rutinar etterlevd?
- Har fylkeskommunen ein plan for kompetanseoppbygging for folkevalde/tilsette som skal ivareta eigaroppfølging?

Vi ser det som viktig å ha med at samhandlinga mellom kommunestyre/fylkesting og oppnemnd eigarorgan innan for selskapsklovgiving ikkje er lovregulert. Det er til dels særstak skilnad på dialogform mellom eigarorgan og kommunestyre/fylkesting rundt om i Noreg. Aksjeloven regulerer ikkje eigarrolla og eigarstyring, men føresett at all form for aksjonærutøving skjer gjennom styret og generalforsamlinga – aksjonærane sine rettar er bundet opp mot retten til å stemme på generalforsamlinga.

Fylkeskommunen sitt viktigaste dokument i samband med den overordna eigarstyringa er den årlege Eigarmeldinga vedteken av fylkestinget. I samband med fylkestinget si årlege handsaming av Eigarmeldinga gjer fylkestinget kvart år ei evaluering av eigarskapen i det einskilde selskap.

KS anb. 8 omhandlar Gjennomføring av generalforsamlinger og representantskapsmøter og kap. 3 i Eigarmeldinga inneholder fylkeskommunen sine rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Det går m.a. på Rollefordeling og Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap

Vi vil gjennom kontrollen sjå nærmere på korleis fylkeskommunen følgjar KS sine anbefalingar på områda samt dei retningslinjer som kjem fram av Eigarmeldinga. Det går både på om fylkeskommunen har etablert rutinar på områda og korleis rutinane blir følgt.

KS anb. 1 omhandlar temaet Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde, og kap. 3.3 i Eigarmeldinga seier litt om fylkeskommunen sine rutinar om opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap på vegne av fylkeskommunen. Vi vil gjere ei nærmere undersøking av korleis rutinane knytt til kompetanseoppbygging for dei som skal utøve eigarskapen fungerer i dag.

*Problemstilling 3: Vert eigarinteressene til fylkeskommunen utøvd i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnadar, aktuelle lovheimlar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?*

- I kva grad vert politisk leiing korrekt og tilstrekkeleg informert om fylkeskommunen sin eigarskap?

Rutinane om kommunikasjonslinjene mellom eigarutøvar og fylkestinget/fylkesutvalet er omhandla i kap. 3.4 i Eigarmeldinga. Der står det m.a.:

*«Fylkesutvalet drøfter regelmessig eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa, særlig om den er i samsvar med formålet med eigarskapen i selskapet, kva forventingar ein har til selskapet og om fortsatt eigarskap er hensiktsmessig. Fylkesutvalet drøfter eigarskapen med fylkeskommunen sine eigarrepresentantar i selskapa sine representantskap og generalforsamlingar.»*

Rutinane for fylkeskommunen sine utsendingar si utøving av eigarstyring og korleis kommunikasjonen mellom utsendingar og fylkesutvalet/fylkestinget skal vere kjem fram av kap. 3.5 i Eigarmeldinga. Der er m.a. følgjande rutinar omtalt:

- ✓ Eigarutøvar har høve til melde inn saker til fylkesutvalet til drøfting for å ta i mot styringssignal
- ✓ Eigarutøvar har ein rapporteringsplikt til fylkesutvalet etter møta i generalforsamling og representantskap
- ✓ Eigarutøvar sin plikt til å reflektere fleirtalet i fylkestinget i møta
- ✓ Eigarutøvar sin plikt til å be om eigarinstruks frå fylkesutvalet i forkant av møta der det er naturleg

Vi vil gjere ei vurdering av korleis rutinane knytt til korleis kommunikasjon og rapportering ved utøving av eigarstyring blir praktisert.

## 2.2 Metode

### 2.2.1 Dokumentinnsamling

Vi vil innhente dokumentasjon knytt til fylkeskommunen sine rutinar og retningslinjer i samband med god eigarstyring og selskapsleiing.

### 2.2.2 Spørjeundersøking/intervju

Vi vil gjennomføre spørjeundersøking av sentrale personar i fylkeskommunen. Dersom det vil vere behov for det vil vi i tillegg gjennomføre spørjeundersøking/intervju av medlemmene i fylkesutvalet.

### 2.2.3 Verifikasiing

Oppsummering av eventuelle intervju vil bli sendt til intervjuobjekta for verifikasiing. Det er berre informasjon frå dei verifikasierte intervjuua som vil bli nytta i rapporten.

### 2.2.4 Analyse

Innsamla informasjon/funn vil bli gjennomgått og vurdert for endeleg konklusjon og utarbeidning av rapport.

#### 2.2.5 Rapportering

Høyringsutkast til rapport vil bli sendt til aktuelle organ for verifisering og uttale. Alle høyringsuttaler vil bli lagt ved den endelige rapporten.

## 3.Tid og ressursbruk

### 3.1 Nøkkelpersonell

Prosjektleiar for gjennomføring av prosjektet vil vere Marianne Vara. Ho vil ta seg av det operative arbeidet.

### 3.2 Ressursar

Vi har kalkulert inn ein tidsbruk på totalt 150 timer for gjennomføring av prosjektet.

Kostnadane i prosjektet inngår i a-kontobeløpet for finansiell revisjon og selskapskontroll med vising til vedtaket i kontrolluvalet.

Leikanger, 08 august 2017

Marianne Vara

Marianne Vara

Dagleg leiar